

Fra: Stein Ottosen (Stein.Ottosen@hfk.no)

Sendt: 27.10.2016 08:27:09

Til: Irene Fredheim Kronen

Kopi:

Emne: VS: Omdispnering av midler og brakakledning på Smålandsløa på Havrå

Vedlegg: a mjelde.pdf

Fra: Kjetil Monstad [<mailto:kjetilmonstad@muho.no>]

Sendt: 1. oktober 2015 08:59

Til: Stein Ottosen

Emne: Brakakledning på Smålandsløa på Havrå

Hei!

Eg viser til telefonsamtalen me nett hadde, og skal kort gjera greie for situasjonen me har hamna i. Arild Sætre søkte på vegne av eigar Kåre Havre om støtte til å skifta brakakledningen på nordre gavelen på Smålandsløa. Som grunnlag for søknaden vart prisane til Arne Mjelde, ein lokal handverkar som har hatt mykje arbeid gjennom mange år med å laga brakakledningar på Havrå, lagt til grunn. Vedlagt ligg faktura på siste jobben han har gjort på Havrå. No har Arne komme opp i 70-åra, og har signalisert at han ikkje er så lysten på å ta på seg såpass store arbeid, han er jo pensjonist for mange år sidan. Me som arbeider på Havrå ynskter difor å gjera dette arbeidet, mellom anna for å læra oss denne arbeidsteknikken, som har få aktive tradisjonsberarar. Den eine av oss, Magne Vikne, var med Arne på den siste jobben på Havrå for å læra, og me har også hatt nytte av råd og rettleiing frå Johannes Torp, ein tradisjonsberar frå Havrå.

Me har no komme omlag halvvegs på kledningen, og me ser no at me ikkje kjem til å klara å få ferdig arbeidet for dei pengane som er løyvt. Dette er dels fordi Arne har jobba for ein lågare timepris enn det me gjer, men mest fordi timebruken pr. m² er mykje lågare. Me kan ikkje forstå korleis han har klart å bruka så lite tid, og heller til at han har vore snill med timeføringa. Uansett er det slik at me vil trenga anslagsvis 40-50 000 kr meir for å få ferdigstilt arbeidet, og me kjem til å senda inn søknad om ei tilleggsøyving til dette. Me har høve til å forskottera for dette arbeidet, slik at det er greitt for oss om pengane kjem i løpet av 2016. Kåre Havre er ein privat grunneigar, og Museumssenteret i Hordaland har ikkje ansvar for hans bygningar, så dette er eit eksternt oppdrag for oss.

Me synest det er viktig å få gjort kledningen ferdig, så me fortset arbeidet og håpar at det vert ei løysing.

Med helsing Kjetil Monstad, Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå